



## Vest-Telemarkrådet

### INNKALLING TIL RÅDSMØTE

**Til:** Ordførarane og rådmennene i Vest-Telemark  
**Dato:** Tysdag 30. august 2022 kl. 10.00 – 14.00  
**Stad:** Straand Hotel, Vrådal

---

Kviteseid, 23. august 2022

#### Rådsmøte tysdag 30. august 2022

Kl. 09.30 Enkel servering  
Kl. 10.00 Regionordfører Halvor Homme ynskjer velkomen til møtet  
Rådsmøtet startar med orienteringar  
Kl. 11.30 Lunsj  
Kl. 12.30 Møtet held fram

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

*Halvor Homme, regionordfører*

*Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar*

## SAKLISTE

Rådsmøte tysdag 30. august 2022 kl. 10.00

### **Sak 28/2022 Referatsaker**

- Referat frå rådsmøtet 24. mai 2022
- Politisk sak til kommunane: Bygdevekstavgift

### **Sak 29/2022 Orienteringar**

- **Medbyggerne – saman mot akrim i bygge- og anleggsbransjen**  
ved Pia Hansen Rolstad, prosjektleiar Medbyggerne/seniorrådgjevar, Skatteetaten og Joakim Brandhaug, koordinator Medbyggerne Hvite bygg/prosjektleiar, Skien kommune
- **Innovasjon Norge**  
ved regiondirektør Anniken Fægri Damm-Larsen

### **Sak 30/2022 Høyring: Strategi for alternative kollektivløysingar i område med lågare passasjergrunnlag**

### **Sak 31/2022 Justert budsjett 2022**

### **Sak 32/2022 Omorganisering av Vest-Telemarkrådet til interkommunalt politisk råd: utkast til samarbeidsavtale**

### **Sak 33/2022 Notat til Vestfold og Telemarkfylkeskommune om kompetansepilotprosjektet**

### **Sak 34/2022 Eventuelt**

## **Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 24. mai 2022 kl. 12.00-16.30 på Karl Johan Hotel i Oslo**

### **Tilstades:**

Regionordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme  
Regionvaraordfører og ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog  
Ordfører i Tokke Jarand Felland  
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven  
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide  
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen  
Rådmann i Vinje Jan Myrekrok  
Kommunedirektør i Nissedal Sverre Sæter  
Rådmann i Seljord Rikke Raknes  
Kst. rådmann i Fyresdal Kjersti Bergland  
Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje  
Kommunedirektør i Kviteseid Erling Laland  
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit  
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal  
Assisterande Statsforvaltar Fred-Ivar Syrstad

Regionordfører Halvor Homme ynskte velkomen til rådsmøte.

### **Sak 19/2022 Referatsaker**

- Referat rådsmøte 22. mars
- Uttale Hjelpemiddelsentralen
- Status arbeid vannregionen
- Innspel planprogram 20/8320 Rv. 36 Skjelsvikdalen – Skyggestein.

**Vedtak:**        *Referatsaker vert tatt til vitande*

### **Sak 20/2022 Orienteringar**

#### **Dialogmøte med Husbanken**

*Frå Husbanken møtte:*

Øystein Djupedal, regiondirektør  
Morten Sandvold, avdelingsdirektør Kommune og Marked  
Roy Bendiksen, seniorrådgiver – Kommune og marked  
Jarle Knutsen, seniorrådgiver – Lån og Tilskudd

*Tema:*

- Ny bustadsosial strategi «Alle treng ein trygg heim»
- Husbanken sine verkemidlar og korleis desse blir brukt av kommunane i Telemark
- Samarbeid kommunane - Husbanken

## **NAV Hjelpemiddelsentral Vestfold og Telemark**

Orientering ved avdelingsdirektør Malin Ljunberg Skåtun i NAV Hjelpemiddelsentral Vestfold og Telemark.

Vest-Telemarkrådet var tydelege i si attendemelding om at NAV har gjennomført ein svak prosess overfor kommunane når det gjeld samlokalisering/sentralisering av hjelpemiddelsentralen.

Leigekontrakt vart lagt ut på anbod, men NAV tok ikkje ei proaktiv rolle då det ikkje kom inn tilbod frå gamle Telemark, langs E18, som var NAV sitt krav.

NAV skulle ha tenkt meir på kommunane i distrikta når lokaliseringa vart sentralisert og vore meir løysingsorientert enn å vurdere ut i frå E18 og folketal.

Hovudutfordringa til brukarane i distrikta er avstanden som no vil bli enda lenger.

NAV sitt svar i møtet på kritikken frå rådet var at det er teke ei totalvurding på kvar det er best i høve brukarane for å gje dei eit best mogleg tilbod.

**Vedtak:**        *Orienteringssaker vert tatt til vitande*

## **Sak 21/2022 Samarbeid om Pride-markering**

Jan Myrekrok la fram saka.

Innspel:

- Kor stor rolle skal den enkelte kommune ha? Samarbeid med andre, frivillige lag etc.
- Det lokale engasjementet er heilt avgjerande.
- Samordninga er viktig, at ein veit om kvarandre og at ein støttar arrangementa.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet tek saka til orientering*

## **Sak 22/2022 Innspel til Vest-Telemarkkonferansen 2023**

Innspel:

- Malen for konferansen fungerer bra.
- Viktig at ein famnar breitt
- Regionen må få vise seg fram
- Tenke nøye gjennom kva ein vil med dei ulike bolkanane
- Døme på bedrifter som har flytta til Vest-Telemark (Dalen)

**Vedtak:**        *Programkomiteen tek med seg innspela frå Vest-Telemarkrådet inn i det vidare arbeidet*

## **Sak 23/2022 Omorganisering av Vest-Telemarkrådet**

Rådgevar Vibeke Resch-Knutsen la fram saka. Vest-Telemarkrådet må tilpasse seg den nye kommunelova §18. Bakgrunn for endring av kommunelova §27. Interkommunalt politisk råd må vera med i namnet. Vest-Telemarkrådet ynskjer å halde fram med dagens organisering og oppgåveløysing så langt det gjer seg gjera i den nye organisasjonsforma.

**Vedtak:**        *Administrasjonen legg fram eit forslag til samarbeidsavtale for eit IPR på rådsmøtet 30. august 2022*

## **Sak 24/2022 Rask psykisk helsehjelp**

Samhandlingskoordinator Kari Gro Espeland la saka fram på teams.

Det kom opp forslag i møtet om at det bør inn eit punkt i saka om evaluering slik at samarbeidet kan ta ein fot i bakken og gjera evaluering slik at ein kan ta ei justering etter eit år.

Vertskommuneavtale skal innehalde punkt om både rapportering og evaluering.

Det vart reist spørsmål om samarbeidsavtala bør vera klar når ein vedtek saka om RPH. Rådet konkluderte med at finansiering og lokalisering måtte på plass fyrst, så vedtak om samarbeidsavtale.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet stiller seg positive til at*

- *Rask psykisk helsehjelp blir organisert som eit interkommunalt vertskommunesamarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark*
- *Seljord kommune blir vertskommune for samarbeidet og får ansvar for lokalisering av tenesta*
- *Den einskilde kommune har ansvar for sin berekna del av finansieringa av RPH og fylgjer opp dette gjennom politiske vedtak.*

## **Sak 25/2022 Søknad frå ungdomsrådet i Nissedal**

Rådet drøfta prinsippet kring handsaming av tilskotssøknader.

Semje om at ein kan vike frå prinsippet om ikkje å handsame denne type søknad ved at dette bidraget er ein tatt til ungdommen for at dei har vore så flinke under koronaen og at løyvinga kan sjåast i samband med null-visjonplanen.

Viktig med transport til og frå arrangementet. Fleire tok til orde for at rådet må dekkje buss, og at administrasjonen i samarbeid med SLT-koordinatorane kan ta ansvar for å rigge dette tilbodet.

Viktig at arrangementet er godt marknadsført.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet løyver kr 50.000 av disposisjonsfondet til ungdomsrådet i Nissedal. Administrasjonen i rådet får i oppgåve å organisere og dekke kostnad for busstilbudet til og frå arrangementet.*

## **Sak 26/2022 Førebuing møte med benken**

Møtet med telemarksbenken vart førebudd

## **Sak 27/2022 Eventuelt**

Ingen saker kom opp under eventuelt

## Utkast til kommunestyresak

### Sak **XX**2022 BYGDEVEKSTAVTALE FOR KOMMUNANE I VEST-TELEMARK

**Vedlegg:** Utkast til søknad om bygdevekstavgift for Vest-Telemark

#### Bakgrunn

Regjeringa varsla i Hurdalsplattforma ei satsing på bygdevekstavgifter:

*Side 34:*

*Regjeringen vil innføre en pilotordning med bygdevekstavgifter. Dette skal være et nytt distriktpolitisk virkemiddel for utvikling, vekst og langsiktige rammer som styrker næringsliv og bosetting i Distrikts-Norge. Dette skal være langsiktige avtaler mellom staten og distriktskommuner med særlig behov for støtte til næringsutvikling. Piloten skal bestå av én til to avtaler per fylke.*

I statsbudsjettet for 2022 er det løyvd 10 millionar til bygdevekstavgifter.

I påvente av sjølv utlysinga, vedtok Vest-Telemarkrådet i møte 8. februar å starte arbeidet med ei bygdevekstavgift for Vest-Telemark. Næringskollegiet har kome med innspel, og ei arbeidsgruppe bestående av administrasjonen i Vest-Telemarkrådet, næringsseier i Kviteseid og nærings- og samfunnsutviklaren i Tokke har arbeidd med å konkretisere innhaldet i ei mogleg avgift. I denne prosessen har det vore administrativ dialog med Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Kommunal- og distriktsdepartementet lyste ut [Tilskotsordning for utprøving av bygdevekstavgifter](#) den 23. juni. I denne fase 1 blir det ikkje lyst ut midlar til sjølv avgift, men til prosessen fram mot ei mogleg avgift. Kommunar i sentralitetsklasse 6 (Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal) kan søke, og det er mogleg for kommunar i sentralitetsklasse 4 og 5 (Kviteseid og Seljord) å delta gjennom eit samarbeid med førstnemnde. Eit sentralt kriterium er at kommunane må vise til dokumenterte utfordringar som demografisk ubalanse, sårbar næringsstruktur med meir. Kommunar i Finnmark vil bli prioritert, men det vil i tillegg bli vald ut pilotar frå eitt anna fylke. Departementet vektlegg samarbeid med Statsforvaltar og fylkeskommunen i prosessen. Dersom det ikkje ligg føre oppdatert samfunnsdel av kommuneplanen, må kommunane forplikte seg til å lage oppdatert samfunnsdel før inngåing av avgift med staten. Det er ikkje krav om kommunal medfinansiering i fase 1. Søknadsfrist etter kommunestyrevedtak er 30. september.

#### Vurdering

Vest-Telemark har kommunar som passar godt inn i regjeringa sine ambisjonar og kriterium for bygdevekstavgifter. Som ein ser av vedlagt søknad, har regionen utfordringar både når det

gjeld folketal og demografi. Det har vore svak utvikling i antal arbeidsplassar dei siste 20 åra, fleire næringar opplev rekrutteringsutfordringar og behovet for kompetanse er stort.

Vest-Telemark er godt budd for å gå vidare i dette arbeidet. Sjølv om utlysinga ikkje går direkte inn på ei ferdig avtale, er arbeidet som er lagt ned for å førebu ei eventuell avtale nyttig å ha med seg inn i den vidare prosessen, og utkast til søknad byggjer på dette.

Basert på utfordringane, byggjer søknaden på at avtala blir utarbeidd langs desse tema/måla:

- Positiv befolkningsutvikling
- Vekst i antal arbeidsplassar i privat sektor
- Fleire faglærte i offentleg sektor
- Minst 20 fleire statlege arbeidsplassar

I søknaden er det lagt opp til at prosessen med å utvikle ei bygdevekstavtale for kommunane i Vest-Telemark blir organisert gjennom ei styringsgruppe og 4 arbeidspakker med kvar si prosjektgruppe etter tema/måla som er lista opp over. For å sikre framdrift og god prosess er det naudsynt med ein dedikert prosjektleiar, og det blir lagt opp til å få plass denne raskast mogleg i løpet av hausten 2022. Det er føremålstenleg at denne administrativt er tilknytt Vest-Telemarkrådet.

Arbeidet i styringsgruppa og prosjektgruppene vil kreve god samordning, og det vil òg bli behov for møte/innspel med andre aktørar. Det er viktig å orientere kommunestyra undervegs, og det blir i tillegg lagt opp til rapportering i Vest-Telemarkrådet. Det er i søknaden lagt opp til ei eiga regional samling med ungdomsråda, noko vi har god erfaring med frå liknande prosessar.

Å skulle gå inn i dette arbeidet vil forplikte kommunane når det gjeld tidsbruk og deltaking i styrings-/prosjektgruppe. Samstundes vil gevinsten gjennom ei bygdevekstavtale med staten vere betydeleg. Dersom ein ikkje skulle oppnå ei avtale, vil kunnskapen og tiltaka som kjem fram i prosessen vere svært verdifulle i vidare planarbeid og andre kommunale og regionale satsingar. Det er likevel eit heilt sentralt poeng at suksessen til ei bygdevekstavtale vil avhenge av staten si vilje og evne til å forplikte seg til konkrete satsingar på ulike felt, og at statlege etatar samordnar seg for å mogleggjere dette.

Søknaden legg opp til ein kostnad for fase 1 på kr 1 430 000 som er søkt fullfinansiert av staten.

Det er lagt opp til møte med Statsforvaltar og Vestfold og Telemark fylkeskommune om søknaden i månadsskiftet aug/sept, så det kan bli små justeringar i etterkant av dette.

Kommunestyra blir invitert til å gjere følgande likelydande vedtak:

**Framlegg til vedtak:**  kommune stør arbeidet med bygdevekstavtale for kommunane i Vest-Telemark, og at det blir sendt ein søknad til Kommunal- og distriktsdepartementet i tråd med dette.

## SØKNAD FASE 1: BYGDEVEKSTAVTALE VEST-TELEMARK


Kommunane Fyresdal, Nissedal, Vinje, Tokke, Seljord og Kviteseid  
Koordinator: Vest-Telemarkrådet

Kommunane Fyresdal, Nissedal, Vinje, Tokke, Seljord og Kviteseid søker med dette Kommunal- og Distriktsdepartementet om utvikling av ei bygdevekstavtale for Vest-Telemark-fase 1.

### Utfordringsbilete

#### 1. Synkende innbyggartal

01222: Befolkning og kvartalsvise endringar, etter region og kvartal. Befolkning ved inngangen av kvartalet.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Innbyggartalet ved inngangen til 2000 var på 14770, ved inngangen til 2020 var det 13848. Det betyr ein nedgang i innbyggjartalet på 922 personar, eller vel 6 %. Telemarksforskning sitt scenario for 2040 viser ein ytterlegare reduksjon på 5,9 % fram mot 2040, eller den 5. dårlegaste prognosa blant norske regionar. (<https://regionalanalyse.no/artikkel/prognose2021>)

#### 2. Demografisk ubalanse

I fyrste kvartal var det 3383 innbyggjarar over 65 år i våre kommunar. Det betyr at kvar fjerde innbyggjar er i denne kategorien, og alle prognosar legg opp til at dette skal auke. Det er stort behov for fleire innbyggjarar i yrkesaktiv alder.



### 3. Lav vekst i talet på arbeidsplassar

Ser ein offentlig og privat sektor under eitt, har veksten i talet på arbeidsplassar i regionen vore på 2.1 % totalt dei siste 20 åra. Det plasserer Vest-Telemark på ein 60. plass av 73 norske regionar. (Kjelde: <https://regionalanalyse.no/rapport/3824/1/1>)

### 4. Kompetanse

Nasjonalt har 35 % av befolkninga over 16 år høgare utdanning. Tilsvarande tal for Vest-Telemark er 27,6 %. 44,3 % har vidaregåande opplæring som høgaste utdanningsnivå.

### 5. Statlege arbeidsplassar

Utviklinga av statlege arbeidsplassar har vore svært negativ. I 2018 var det 202 statlege tilsette i regionen, i 2008 var talet 237 tilsette. Effekten av dette er tilsvarande eit tap av 1500 statlege arbeidsplassar i Oslo.

Basert på dette, ynskjer Vest-Telemark å utvikle ei bygdevekstavtale rundt desse tema/måla:

- I løpet av 2026 skal alle kommunar i Vest-Telemark kunne vise til **positiv befolkningsvekst**, fleire innbyggjarar samanlikna med 2022.
- I løpet av 2026 skal alle kommunar ha **vekst i arbeidsplassar i privat sektor** samanlikna med 2022.
- I løpet av 2025 skal alle kommunar ha **høgare andel faglærte** tilsette i helse/omsorg og oppvekst samanlikna med 2022.
- I løpet av 2026 skal det vere minst 20 fleire **statlege årsverk** lokalisert i regionen, samanlikna med 2022.

I prosessen med å utvikle avtala kan det bli aktuelt å talfeste desse måla nærare.

#### **Berekraftsmål som vil liggje til grunn for utviklinga av ei bygdevekstavtale:**

**8 - Anstendig arbeid og økonomisk vekst**

**9 - Industri, innovasjon og infrastruktur**

**11- Berekraftige byar og lokalsamfunn**

**12 - Ansvarleg forbruk og produksjon**

**17 - Samarbeid for å nå måla**

## **Prosjektskildring**

Å utvikle ei bygdevekstavtale for kommunane i Vest-Telemark må organiserast på ein måte som byggjer på eksisterande samarbeid og strukturar. Det er viktig å finne ein balanse mellom å involvere breitt og samtidig ha tydeleg retning og framdrift på arbeidet. Utvikling av avtala vil kreve innsats frå Vest-Telemarkrådet, kommunane, Statsforvaltaren, Vestfold og Telemark fylkeskommune og andre aktørar, men eit viktig premiss for å lykkast er at statleg nivå koordinerer seg, bidreg i prosessen og er viljuge til å bidra til konkrete satsingar på ulike område gjennom ei avtaleperiode.

Det blir lagt opp til ei styringsgruppe med representasjon frå rådet, kommunane, fylkeskommunen, Statsforvaltaren og eventuelt departementet. I tillegg blir lagt opp til tematiske arbeidspakker med prosjektgrupper som jobbar fram konkrete tiltak som er tilpassa situasjonen i våre kommunar.

Avtala skal utformast på relativt kort tid, og det er viktig å ha ein dedikert administrativ ressurs for å koordinere og drive arbeidet framover. Denne kan vere anten frikjøpt, innleigd eller tilsett. Hovudoppgava til prosjektleiar blir å koordinere arbeidet i styringsgruppa og arbeidsgruppa, og informasjonsflyten mellom desse.

Det er i tillegg viktig at Vest-Telemarkrådet og formannskap/kommunestyre jamnleg blir orientert om arbeidet.

### **Arbeidspakke 1: Fleire innbyggjarar**

Prosjektgruppa har ansvar for å kome opp med tiltak og ordningar for korleis det kan leggjast til rette for fleire innbyggjarar. Fokus på bustader (både leige og eige) for ulike grupper er heilt avgjerande. I tillegg er arbeidet med bygdelos/bygdevert, som fleire kommunar er i gong med, viktig å trekke inn i dette arbeidet. Auka bustadsattraktivitet med innbyggjarar som trivst og har møteplassar er avgjerande for å lykkast.

Aktuelle aktørar: Kommunalt tilsette på bustad/plan, Husbanken, Distriktssenteret

### **Arbeidspakke 2: Vekst i privat sektor**

Prosjektgruppa har ansvar for å kome opp med tiltak og ordningar som skapar fleire private arbeidsplassar i Vest-Telemark. Dette kan til dømes vere forsterka gründersatsing, målretta oppfølging av eksisterande bedrifter, etablering av avdelingskontor for større bedrifter med hovudkontor i større byar, rekruttering, utprøving av nye verkemiddel og vidareføring av eksisterande satsingar i eigenregi.

Aktuelle aktører: Næringssejefane, Telemark Næringshage, næringsforeningar, VTFK næring, SIVA, Innovasjon Norge

### Arbeidspakke 3: Høgare andel faglærte

Prosjektgruppa har ansvar for å kome opp med tiltak og ordningar som gjev kommunane tilgong på meir faglært arbeidskraft. Dette gjeld både å leggje til rette for at tilsette kan oppnå formalkompetanse, etter- og vidareutdanning for tilsette som sikrar relevant og oppdatert kompetanse på prioriterte felt, tiltak for å bruke kommunen som opplæringsarena for unge og fokus på rekruttering. Det er viktig å byggje vidare på kartleggingar og ordningar som har vore/er gjort.

Aktuelle aktører: Kommunalsjefar helse og oppvekst, USN, UDIR, NAV, NHO, fagforeningar, andre aktører innan arbeid og inkludering i regionen

### Arbeidspakke 4: Statlege arbeidsplassar

Prosjektgruppa har ansvar for å finne ut korleis ein kan sikre fleire statlege arbeidsplassar i regionen. Det er viktig å identifisere kva område som kan vere aktuelle, og det er naturleg å sjå føre seg ein kombinasjon av styrking av eksisterande fagmiljø, utflytting av arbeidsplassar, utlysing av stillingar i embetsverket der ein kan jobbe frå Vest-Telemark, hospiteringsordningar med meir.

Aktuelle aktører: Politisk og administrativ leiing i kommunane, VTFK, Vest-Telemark Næringsbygg, næringshagane i regionen, KDD, andre statlege aktører

| <b>Framdrift, organisering, milepælar, ansvar og budsjett</b> |                               |  |   |
|---|-------------------------------|--|---|
| Når   | Kva                           | Kven/ansvar  | Budsjett  |
| H22   | Rekruttering av prosjektleiar | Vest-Telemarkrådet   | 1,2 millionar (dekker lønn, sosiale kostnader, kontor, utstyr, reiseutgifter, mm)                   |
| H22   | Oppnemning av styringsgruppe  | Deltakarar: <ul style="list-style-type: none"><li>- Vest-Telemarkrådet/prosjektleiar</li><li>- Kommunane</li><li>- Vestfold og Telemark fylkeskommun</li></ul> | 40 000,-<br>Det blir lagt opp til 8 fysiske arbeidsmøte, i tillegg til kortare statusmøte på Teams. |

|     |                                |  |  |
|-----|--------------------------------|--|--|
|     |                                | <ul style="list-style-type: none"> <li>e</li> <li>- Statsforvaltaren</li> <li>- Kommunal- og distriktsdepartementet</li> </ul> |  |
| H22 | Organisering av arbeidsgrupper | (Sjå over)   | 100 000,-<br>Det blir lagt opp til 5 arbeidsmøte i kvar gruppe, i tillegg til kortare statusmøte på Teams. |

Det blir lagt opp at det fyrste møtet i styringsgruppa og arbeidsgruppene blir eit felles oppstartsseminar der ein går gjennom rammene og måla for prosjektet.

|       |  |   |                               |
|-------|--|---|-------------------------------|
| V23   | <p>Januar - Mai</p> <p><i>Moglegheitsfase</i></p> <p>Styringsgruppa og arbeidsgruppene i arbeid. Viktig fokus i denne fasa er å få fram alle moglege idear og tiltak. Her vil det bli behov for at (delar av) gruppene har temamøte med eksterne for å få innspel.</p>   |   | 40 000,-<br>til eksterne møte |
| V23   | <p>Regional ungdomsrådssamling</p> <p>Vest-Telemarkrådet har god erfaring med å samle ungdomsråda til møte for å diskutere felles utfordringar, og det er naturleg å leggje opp ei samling med bygdevekstavgift som tema. Dette må leggjast opp slik at dei får eit skriftleg utgangspunkt som skal diskuterast på kommunale ungdomsrådsmøte, og at dei tek med seg sine forslag og meiningar inn i fellesmøtet.</p> | <p>Prosjektleder</p> <p>Ungdomsråda</p> <p>Representasjon frå styringsgruppe og arbeidsgrupper.</p> | 50 000,-                      |
| Mai23 | Status i Vest-Telemarkrådet  | Prosjektleder,  |                               |

|               |   |  |           |
|---------------|---|--|-----------|
|               |   | representant frå styringsgruppa                |           |
| Mai/juni 2023 | <i>Oppsummeringsfase</i><br>Gruppene konkretiserer og sorterar innspela, vurderer kva som må sjekkast ut og avklarast og lagar ei oversikt over prioriterte tiltak på kvart område. Eit viktig fokus her er forventningar til statleg nivå på deira bidrag. | Styringsgruppa og arbeidsgruppene              |           |
| Aug.23        | Status i Vest-Telemarkrådet   | Prosjektleder, representant frå styringsgruppa |           |
| Aug/sept 2023 | <i>Avtalefase</i><br>Tiltaka blir konkretisert og avtaleutkast utarbeidd. Ved behov må politisk leing i KDD og i kommunane koplast på.  | Prosjektleder, styringsgruppe, arbeidsgrupper  |           |
| 1.okt 23      | <i>Siste frist avtaleutkast</i>   |  |           |
| Okt/nov 23    | <i>Vedtaksfase</i><br>Avtala går til vedtak i kommunestyra i dei 6 kommunane.   | Prosjektleder                                  |           |
| 15. nov 23    | <i>Frist for lokalpolitisk handsaming og innsending av avtale til KDD</i>   |  |           |
| SUM           |   |  | 1 430 000 |

## **Sak 30/ 2022      Høring: Strategi for alternative kollektivløysingar i område med lågare passasjergrunnlag**

Vestfold og Telemark fylkeskommune har jobba fram eit utkast til ein [ny strategi for kollektivløysingar med lågare passasjergrunnlag](#) med [handlingsdel](#). Hovudutval for samferdsle handsama saka 1. juni og vedtok å sende strategien på høyring med frist 1. november.

Saka har sin bakgrunn i handsaming av sak 1/20 Bussforbindelse Svelvik - Sande, der hovudutvalet ba om ein plan for styrking av tilbodet i område med lågare passasjergrunnlag. I sak 21/20 vedtek hovudutvalet at strategien “vil bli viktig for utvikling og uttesting av nye mobilitetsløsninger.”

Strategien er bygd opp med mål, målgrupper, status, hovudprinsipp og innsatsområde.

Forslag til hovudmål for strategien er *å bidra til at innbyggjarane har eit berekraftig kollektiv- og mobilitetstilbod til prioriterte reisemål.*

Hovudmålgruppa er definert til å vere (i hovudsak) unge under 18 år og eldre over 65 år. Innbyggjarar utan sertifikat, turistar og personar med nedsett funksjonsevne er nemnd som øvrige målgrupper.

I avsnitt 4.1.3 er alle aktørane som har ansvar for ulike delar av kollektivtilbodet lista opp. Dette viser at ansvaret er spreidd på mange aktørar, og at det er stort potensiale for samordning og samarbeid.

Fylkeskommunen har eit hovudprinsipp (kapittel 5) for ruteplanlegging av kollektivtransporten i område med lågare passasjergrunnlag. Prioriteringa styrer kva som er lovpålagd, kor det er mest passasjerar å hente og kva som er effektiv ressursbruk.

Inndelinga er slik:

1. Skuleskyss - lovpålagt.
2. Lokale ruter, av-og-til-reiser - pendling til arbeid og skule
3. Korrespondanse med regionruter - til tog og ekspressbuss. Ruter som mogleggjer vekependling og fritidsreiser knytt til helg er prioritert.
4. Bestillingstransport - blir aktivert ved behov av reisande. Krav om at ruta skal ha minst 2 reisande på kvar avgang og maks tilskot på 450,-/avgang over tid.

Mogleg utvikling og utfordringar for desse ulike tilboda er drøfta i kapittel 6. Her er òg utvikling av lokalisering, knutepunkt og infrastruktur omtala. Status og utvikling når det gjeld samarbeid og samhandling er gjort greie for i avsnitt 6.7. Her er mellom anna helsetransport trekt fram som eit mogleg samarbeidsområde som kan spare ressursar og gje eit betre tilbod

for fleire. I avsnitt 6.8 er tekniske løysingar og digital infrastruktur omtala. Her blir det mellom anna peika på at brukarane må oppleve eit meir saumlaust og enklare system, der ulike transportformer blir presentert samla. Avsnitt 6.9 handlar om marknadsføring og haldningsskapande arbeid. Auka bruk av kollektivtransport og innarbeiding av nye tilbod, spesielt etter pandemien, tek tid og må marknadsførast presist og over ein viss periode.

[Handlingsdelen](#) konkretiserer tiltak for dei ulike innsatsområda i kapittel 6. For **skuleskyss** er målet å få fleire pendlarar og andre til å nytte skuleskyss der det er mogleg. Samarbeid med skule og kommunar om timeplan og ruter, å gjere fleire ruter tilgjengeleg i reiseplanleggjar og å sjå på ulike kombinasjonar av bestillingsskyss/skuleskyss er nokre av tiltaka som er trekt fram. For **lokale reiser/av-og-til-reiser** er det ein ambisjon å inkludere alle reisemåtar i reiseplanleggjar og billettløysing, tettare dialog mellom aktørane, leggje til rette for spleiselag og auka marknadsføring. Dei same tiltaka er og lista opp for **korrespondanse med regionruter**. For **bestillingstransport** er tilpasning av tilbodet og betre utnytting av utstyrsparken framheva, samt opning for kombinasjonar av bestillingstransport og TT-transport. **Lokalisering og knutepunktsutvikling** omtalar tiltak som arealplanlegging, lokalisering av tilbod og bustader, utforming av knutepunkt og miljøkrav. Tiltaka under **samhandling, kostnadseffektive løysingar, tekniske/digitale løysingar og marknadsføring** går mykje på samarbeid, forsøk, deling av kunnskap, utvikling av ruteplanleggjar og billettløysingar og målretta informasjonskampanjar om nye tenester og tilbod.

Ulike [samarbeidsarenaer er lista opp i vedlegg 2](#), og eksempel på [prosjekt og pilotar for smart mobilitet i ulike fylke ligg i vedlegg 3](#).

### **Framlegg til høyringsuttale:**

Vest-Telemarkrådet har samferdsle og mobilitet høgt på agendaen. Eit godt kollektivtilbod både til og internt i regionen er avgjerande for positiv utvikling i Vest-Telemark. Strategien er ambisiøs med tanke på bruk av ny teknologi og digitale løysingar, men rådet vil understreke at ein viktig premis for å lukkast er betre samordning og samarbeid mellom ulike statlege etatar og nivå når det gjeld koordinering av ulike transportbehov.

Vest-Telemarkrådet vil understreke at ekspressbusstilbodet til og gjennom regionen er ryggmargen i kollektivtilbodet, og at positiv utvikling av dette er viktig både for innbyggjarar, næringsliv og tilreisande. Vest-Telemarkrådet viser til VTFK sitt vedtak om å leggje busstransporten Seljord - Skien ut på anbod, og til Vest-Telemarkrådets og fylkestingets vedtak i denne saka:

- *Fleire enn dagens 11 avgangar på vekedag må ha stopp eller start i Seljord. Dette er spesielt viktig på ettermiddag/kveld.*
- *Det må vere korrespondanse mellom regionrute til/frå Seljord og Haukeliekspressen.*
- *Det må vere korrespondanse mellom tog i Bø og regionrute til/frå Seljord.*
- *Det må vurderast om nokre avgangar kan ha start/slutt i Åmot.*

- Det må vurderast om det er mogleg å ha nokre direkteavganger mot Torp.
- Reisande frå Vest-Telemark til Grenland må sleppe bussbyte i Bø.
- Reiseopplevinga med tanke på standard og bagasjeplass må vere på nivå som i dag.

Vest-Telemarkrådet vil ha stort fokus på desse punkta i dialogen med fylkeskommunen etter at anbodet er iverksett, slik at ein sikrar ei utvikling i tråd med ambisjonane i denne strategien.

Vest-Telemarkrådet ser at det framleis er eit potensiale for å utløyse fleire pendlarreiser mellom kommunesentra i regionen. Til dømes er det ikkje mogleg å ta buss direkte frå Seljord til Kviteseid om morgonen, men det er godt med alternativ når det gjeld retur på ettermiddagen.

Vest-Telemarkrådet saknar ei sterkare kopling til arbeidet med nullvisjon og trafikktryggleik, og vil i så måte peike på våre forslag til tiltak her. I vår region er utvikling av kollektivtilbodet for unge og arbeid med nullvisjonen to sider av same sak:

Frå [utkast til plan for nullvisjon i Vest-Telemark](#), side 5:

*Fylkeskommunen er ein viktig aktør i det vidare arbeidet. Dei har eit overordna ansvar for trafikktryggleik, samstundes som dei har ansvar for vidaregåande opplæring og kollektivtrafikk, som er to sentrale område i det vidare arbeidet. Det er ei regional forventning om at fylkeskommunen blir ein aktiv medspelar for å realisere nullvisjonen i Vest-Telemark.*

Framlegg til tiltak, side 11-14:

**FELLESTILTAK 1: BRUKE OG UTVIKLE HALDNINGSKAMPANJAR RETTA MOT UNGDOM OG UNGE VAKSNE**

**FELLESTILTAK 2: REGIONAL SKYSSORDNING PÅ KVELD OG HELG - "TRYGT HEIM"**

**FELLESTILTAK 3: INNFØRE ORDNINGA "NULLVISJON VEST-TELEMARK", ETTER MODELL FRÅ AGDER**

Vest-Telemarkrådet vil i denne samanhengen spesielt trekkje fram at fylkeskommunen må engasjere seg sterkare for å få på plass ei regional skyssordning for unge "Trygt heim." Dette byggjer oppunder ambisjonane om utvikling av flexiruter og bestillingsskyss til ei prioritert målgruppe i strategien.

**Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttala.**



**Sak 31/2022 Forslag til justert budsjett 2022**

Justering av budsjett følger «Årshjul for økonomirutiner i Vest-Telemarkrådet».

Det opprinnelege budsjettet for 2022 er på kr 10 411 000 og med foreslåtte justeringar på kr 9 121 000 - sjå **tabell 1 Inntekter**.

Framlegg til justert budsjett 2022 ligg ved saka.

I opprinneleg budsjett la ein til grunn at tilskot frå Innovasjon Norge på kr 950 000 til dei to reiselivsprosjekta *Merket for berekraftig reisemålsutvikling* og *Felles reiselivsstrategi* vart utbetalt til Vest-Telemarkrådet, men beløpet er utbetalt direkte til tenesteleverandør som er Visit Telemark.

Begge reiselivsprosjekta kom i gong seinare i 2022 enn det budsjettet la opp til og det er estimert eit mindreforbruk av disposisjonsfondet på kr 560 000 for inneverande år.

Vidare var det i opprinneleg budsjett for 2022 ikkje lenger sett av eit fast beløp frå Statsforvaltaren til prosjektskjønnsmidlar. Vest-Telemarkrådet måtte søke prosjektskjønnsmidlar på lik linje med resten av fylket. Vest-Telemark har fått skjønnsmidlar totalt på kr 700.000. Kr 500 0000 til ein 2-åreg klimakoordinator og kr. 200 000 til prosjekt Inn i arbeid. Skjønnsmiddelsøknader vart lagt som referatsaker til rådsmøtet 22. mars 2022 og det vart gitt ei munnleg orientering om prosjektsøknadene.

Ein reduksjon på kr 400 000 av fondsmidlar er knytt til digitaliseringsstillinga som har vore vakant i seks månader i 2022.

Tabell 1 Inntekter

| Inntekter                            | Opprinneleg budsjett 2022 | Justert budsjett 2022 |
|--------------------------------------|---------------------------|-----------------------|
| TUF                                  | 2 483 000                 | 2 483 000             |
| Kommunane                            | 2 483 000                 | 2 483 000             |
| Mva komp                             | 750 000                   | 750 000               |
| Deltakaravg Vest-Telemarkkonferansen | 80 000                    | 0                     |
| Renter                               | 80 000                    | 80 000                |
| Statsforvaltaren                     | 0                         | 700 000               |
| Bruk av fond                         | 3 585 000                 | 2 625 000             |
| Innovasjon Norge                     | 950 000                   | 0                     |
| <b>Totalt</b>                        | <b>10 411 000</b>         | <b>9 121 000</b>      |

Grunna covid-19 vart ikkje Vest-Telemarkkonferansen arrangert i 2022, slik at det blir ein netto innsparing på kr 120 000, som vert foreslått avsett til disposisjonsfond.

### **Klimakoordinator – 2 åreg prosjekt**

Statsforvaltaren har løyvd kr 500 0000 til eit 2-åreg klimaprojekt i Vest-Telemark.

Felles klimaplan er ikkje vedteke i alle kommunane enno. Under føresetnad av at alle kommunane vedtek planen og at Vest-Telemarkrådet blir sekretariat for koordinering og trygging av gjennomføring av tiltak i handlingsdelen, vil ein klimakoordinator vera nyttig i arbeidet med tiltaka. Denne prosjektstillinga kan òg bli knytt opp imot småbruksprosjektet.

Dette forslaget har ingen økonomisk konsekvens for Vest-Telemarkrådet sitt budsjett 2022, men dersom ein vel å starte opp eit 2-åreg prosjekt der ein lyser ut etter ein klimakoordinator vil dette ha økonomiske konsekvensar for 2023 og 2024. Driftsutgifter til ein klimakoordinator vil vera om lag kr 1,1 mill. per år finansiert av Statsforvaltaren og Vest-Telemarkrådet.

Ein klimakoordinator skal med anna:

- Sikre god medverknad og deltaking i kommunane sitt klimaarbeid og sikre god struktur framdrift.
- Bidra til å skaffe eksterne midlar til ulike prosjekt
- Gjennomføre informasjons- og haldningsskapande kunnskapsarbeid for klimaet
- Hjelp kommunane i innføring av styringsverktøy som til dømes klimarekneskap- og budsjett, og til å bli miljøtårnsertifiserte
- Heve kompetansen i kommunane for å styrke kommunane som tenesteproduentar
- Involvere og engasjere ungdom i klimaarbeidet gjennom haldningsskapande arbeid og «frå ord til handling»

### **Inn i arbeid /inkluderande arbeidsarenaer**

Dette prosjektet, som har fått 200 000,- i skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren, har som ambisjon å utvikle ein heilskapeleg Vest-Telemark-modell for å fange opp unge som står i fare for å hamne utanfor skule eller arbeid. Aktørbiletet i Vest-Telemark, med kommunane, Kvito, Idea, AiR, NAV og andre, gjer at ein har gode føresetnader for å lykkast. Vest-Telemarkrådet si rolle no er å koordinere oppstarten av dette arbeidet.

### **Samferdsel / fv. 38 Åmot – Dalen**

Strekninga Åmot – Dalen er høgt prioritert av Vest-Telemarkrådet, og det er viktig å ha eit best mogleg plangrunnlag for å få strekninga prioritert. I samarbeid med VTFK er det gjennomført eit skisseprosjekt for å vurdere konsept og tiltak på strekninga. Det er ynskjeleg å gå vidare i eit meir konkret forprosjekt der ein gjer meir grundige vurderingar på mogleg veglinje for å avklare investeringsbehov, både når det gjeld oppgradering av eksisterande veg

og eventuelt meir omfattande tiltak for å løyse utfordringar knytt til kurvatur, rassikring og sidegrøfter/drenering. Det er med atterhald om politisk godkjenning lyst ut anbod på arbeidet med ei kostnadsramme på inntil 0,5 mill. 5 leverandørar blei førespurd, og 3 har levert tilbod. Det er lagt opp til ei kostnadsdeling 50/50 mellom Vest-Telemarkrådet og VTFK. Hovudutval for samferdsel i VTFK får saka til handsaming i møte 7. september. Administrasjonen finn dekning på ansvar 1100.

- Bruk av disposisjonsfondet er i justert budsjett 2022 kr 1 825 000.
- Bruk av bunden fond på kr 800.000 til aktivitetstilbod velferdstilbod blir som opprinneleg budsjett. .
- Blir kr 120 000 i mindreforbruk lagt til, vil disposisjonsfondet vera på kr 5 351 000.
- Bundne fond inkl grunnfondet er på kr 3 992 000.

***Framlegg til vedtak:***

***Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til justert budsjett 2022.  
Kr 120 000 i mindreforbruk vert overført disposisjonsfondet Under føresetnad av at alle Vest-Telemarkkommunane vedtek felles klimaplan, vert det lyst ut etter ein 2-åreg klimakoordinator.***

| Konto | Konto(T)   | Beløp        | Justert budsjett 2022 | Opprinneleg budsjett 2022 |
|-------|--|--------------|-----------------------|---------------------------|
| 1010  | Fast løn   | 745,412.31   | 1,600,000.00          | 1,600,000.00              |
| 1020  | Vikarløn ved sjukdom                             | 0.00         | 0.00                  | 0.00                      |
| 1050  | Anna løn og trekkpl. ytingar                     | 0.00         | 40,000.00             | 40,000.00                 |
| 1053  | Anna løn og trekkpl.yting                        | 6,424.90     | 0.00                  | 0.00                      |
| 1080  | Styrehonorar                                     | 0.00         | 50,000.00             | 50,000.00                 |
| 1090  | Premie til KLP                                   | 119,312.00   | 300,000.00            | 300,000.00                |
| 1092  | Kollektiv ulykke/gruppel.                        | 1,944.88     | 0.00                  | 0.00                      |
| 1099  | Arbeidsgjevaravgift                              | 92,148.64    | 200,000.00            | 200,000.00                |
| A     | Lønsutgifter                                     | 965,242.73   | 2,190,000.00          | 2,190,000.00              |
| 1100  | Kontormatriell                                   | 11,215.53    | 26,000.00             | 26,000.00                 |
| 1115  | Matvarer   | 168,704.34   | 200,000.00            | 200,000.00                |
| 1120  | Anna forbruksmateriell                           | 0.00         | 50,000.00             | 50,000.00                 |
| 1130  | Frankering og gebyr                              | 292.50       | 3,000.00              | 3,000.00                  |
| 1131  | Telefon  | -3,544.30    | 15,000.00             | 15,000.00                 |
| 1140  | Annonser, gåver og info.                         | 39,122.68    | 60,000.00             | 60,000.00                 |
| 1150  | Kursutgifter                                     | 83,266.93    | 60,000.00             | 60,000.00                 |
| 1160  | Reise og diettgodtgjersle                        | 4,059.30     | 100,000.00            | 100,000.00                |
| 1165  | Andre oppgåvepl. godtgj.                         | 0.00         | 10,000.00             | 10,000.00                 |
| 1170  | Transport  | 23,982.00    | 10,000.00             | 10,000.00                 |
| 1185  | Forsikringar                                     | 0.00         | 12,000.00             | 12,000.00                 |
| 1190  | Husleige   | 62,440.00    | 140,000.00            | 140,000.00                |
| 1195  | Avgifter og gebyr mm                             | 841.39       | 100,000.00            | 100,000.00                |
| 1196  | Andre avg. og lisenser                           | 42,734.40    | 100,000.00            | 100,000.00                |
| 1200  | Kontorutstyr                                     | 6,191.71     | 50,000.00             | 50,000.00                 |
| 1270  | Konsulenttenester                                | 165,497.79   | 300,000.00            | 300,000.00                |
| 1350  | Andre kommunar                                   | 249,000.00   | 0.00                  | 0.00                      |
| 1370  | Driftsavtaler med private                        | 15,170.00    | 50,000.00             | 50,000.00                 |
| 1429  | Mva-kompensasjon                                 | 95,055.58    | 750,000.00            | 750,000.00                |
| 1470  | Til andre private                                | 2,055.19     | 0.00                  | 0.00                      |
| 1540  | Til disp.fond                                    |              | 120,000.00            | 0.00                      |
| B     | Driftsutgifter                                   | 966,085.04   | 2,156,000.00          | 2,036,000.00              |
| 1710  | Ref. sjukeløn                                    | -18,413.00   | 0.00                  | 0.00                      |
| 1729  | Kompensert mva-drift                             | -95,055.58   | -750,000.00           | -750,000.00               |
| 1730  | Ref. frå fylket                                  | 0.00         | -2,483,000.00         | -2,483,000.00             |
| 1750  | Ref. frå kommunar                                | 0.00         | -2,483,000.00         | -2,483,000.00             |
| 1900  | Renteinntekter                                   | 0.00         | -80,000.00            | -80,000.00                |
| C     | Inntekter  | -113,468.58  | -5,796,000.00         | -5,796,000.00             |
| 1100  | ADMINISTRASJON VTR                               | 1,817,859.19 | -1,450,000.00         | -1,570,000.00             |
| 1010  | Fast løn   | 134,969.23   | 352,000.00            | 680,000.00                |
| 1090  | Premie til KLP                                   | 18,453.00    | 55,000.00             | 95,000.00                 |
| 1092  | Kollektiv ulykke/gruppel.                        | 392.92       | 0.00                  | 0.00                      |
| 1099  | Arbeidsgjevaravgift                              | 14,490.67    | 50,000.00             | 82,000.00                 |
| A     | Lønsutgifter                                     | 168,305.82   | 457,000.00            | 857,000.00                |
| 1115  | Matvarer   | 1,503.00     | 30,000.00             | 30,000.00                 |
| 1120  | Anna forbruksmateriell                           | 0.00         | 5,000.00              | 5,000.00                  |
| 1131  | Telefon  | 565.10       | 5,000.00              | 5,000.00                  |
| 1140  | Annonser, gåver og info.                         | 9,000.00     | 3,000.00              | 3,000.00                  |
| 1150  | Kursutgifter                                     | 0.00         | 20,000.00             | 20,000.00                 |
| 1160  | Reise og diettgodtgjersle                        | 0.00         | 40,000.00             | 40,000.00                 |
| 1190  | Husleige   | 31,160.00    | 80,000.00             | 80,000.00                 |
| 1196  | Andre avg. og lisenser                           | 10,413.79    | 0.00                  | 0.00                      |
| 1200  | Kontorutstyr                                     | 33,707.20    | 400,000.00            | 400,000.00                |
| 1350  | Andre kommunar                                   | 90,000.00    | 0.00                  | 0.00                      |
| 1370  | Driftsavtaler med private                        | 0.00         | 10,000.00             | 10,000.00                 |
| 1429  | Mva-kompensasjon                                 | 21,211.53    | 0.00                  | 0.00                      |
| B     | Driftsutgifter                                   | 197,560.62   | 593,000.00            | 593,000.00                |
| 1729  | Kompensert mva-drift                             | -21,211.53   | 0.00                  | 0.00                      |
| 1950  | Bruk av bundne driftsfond                        | 0.00         | -600,000.00           | -1,000,000.00             |
| C     | Inntekter  | -21,211.53   | -600,000.00           | -1,000,000.00             |
| 1101  | DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI              | 344,654.91   | 450,000.00            | 450,000.00                |
| 1120  | Anna forbruksmateriell                           | 0.00         | 0.00                  | 200,000.00                |
| 1370  | Driftsavtaler med private                        | 3,000.00     | 0.00                  | 0.00                      |
| 1429  | Mva-kompensasjon                                 | 750.00       | 0.00                  | 0.00                      |
| 1430  | Overf. til fylkeskommunen                        | 0.00         | 100,000.00            | 100,000.00                |
| B     | Driftsutgifter                                   | 3,750.00     | 100,000.00            | 300,000.00                |
| 1629  | Billettinntekter                                 | 0.00         | 0.00                  | -80,000.00                |
| 1729  | Kompensert mva-drift                             | -750.00      | 0.00                  | 0.00                      |
| C     | Inntekter  | -750.00      | 0.00                  | -80,000.00                |
| 1108  | VEST-TELEMARK KONFERANSEN OG YRKESMASSA PÅ DALEN | 3,000.00     | 100,000.00            | 220,000.00                |

|      |                                  |             |             |             |
|------|----------------------------------|-------------|-------------|-------------|
| 1115 | Matvarer                         | 23,025.70   | 30,000.00   | 30,000.00   |
| 1140 | Annonser, g aver og info.        | 2,119.64    | 15,000.00   | 15,000.00   |
| 1150 | Kursutgifter                     | 8,660.71    | 15,000.00   | 15,000.00   |
| 1170 | Transport                        | 848.21      | 0.00        | 0.00        |
| 1270 | Konsulenttenester                | 0.00        | 40,000.00   | 40,000.00   |
| 1429 | Mva-kompensasjon                 | 1,395.24    | 0.00        | 0.00        |
| B    | Driftsutgifter                   | 36,049.50   | 100,000.00  | 100,000.00  |
| 1729 | Kompensert mva-drift             | -1,395.24   | 0.00        | 0.00        |
| C    | Inntekter                        | -1,395.24   | 0.00        | 0.00        |
| 1111 | TIL R DMENNENS DISPOSISJON       | 34,654.26   | 100,000.00  | 100,000.00  |
| 1270 | Konsulenttenester                | 75,000.00   | 0.00        | 0.00        |
| 1370 | Driftsavtaler med private        | 150,000.00  | 300,000.00  | 300,000.00  |
| 1429 | Mva-kompensasjon                 | 56,250.00   | 0.00        | 0.00        |
| B    | Driftsutgifter                   | 281,250.00  | 300,000.00  | 300,000.00  |
| 1729 | Kompensert mva-drift             | -56,250.00  | 0.00        | 0.00        |
| C    | Inntekter                        | -56,250.00  | 0.00        | 0.00        |
| 1112 | ETABLERARKONTORET I TELEMARK     | 225,000.00  | 300,000.00  | 300,000.00  |
| 1010 | Fast l n                         | 0.00        | 0.00        | 0.00        |
| 1090 | Premie til KLP                   | 0.00        | 0.00        | 0.00        |
| 1092 | Kollektiv ulykke/gruppel.        | 0.00        | 0.00        | 0.00        |
| 1099 | Arbeidsgjeveravgift              | 0.00        | 0.00        | 0.00        |
| A    | L nsutgifter                     | 0.00        | 0.00        | 0.00        |
| 1126 | VELFERDSTEKNOLOGI                | 0.00        | 0.00        | 0.00        |
| 1115 | Matvarer                         | 9,290.00    | 50,000.00   | 50,000.00   |
| 1140 | Annonser, g aver og info.        | 36,191.04   | 60,000.00   | 60,000.00   |
| 1150 | Kursutgifter                     | 892.86      | 20,000.00   | 20,000.00   |
| 1170 | Transport                        | 0.00        | 10,000.00   | 10,000.00   |
| 1196 | Andre avg. og lisenser           | 0.00        | 60,000.00   | 60,000.00   |
| 1270 | Konsulenttenester                | 25,850.00   | 50,000.00   | 50,000.00   |
| 1370 | Driftsavtaler med private        | 6,588.00    | 50,000.00   | 50,000.00   |
| 1429 | Mva-kompensasjon                 | 16,941.64   | 0.00        | 0.00        |
| B    | Driftsutgifter                   | 95,753.54   | 300,000.00  | 300,000.00  |
| 1729 | Kompensert mva-drift             | -16,941.64  | 0.00        | 0.00        |
| C    | Inntekter                        | -16,941.64  | 0.00        | 0.00        |
| 1128 | FELLESTILTAK I N RINGSKOLLEGIET  | 78,811.90   | 300,000.00  | 300,000.00  |
| 1010 | Fast l n                         | 1,772.29    | 0.00        | 0.00        |
| 1020 | Vikarl n ved sykdom              | 0.00        | 50,000.00   | 50,000.00   |
| 1053 | Anna l n og trekkpl.yting        | 15,428.34   | 0.00        | 0.00        |
| 1090 | Premie til KLP                   | 2,215.00    | 0.00        | 0.00        |
| 1092 | Kollektiv ulykke/gruppel.        | 122.00      | 0.00        | 0.00        |
| 1099 | Arbeidsgjeveravgift              | 2,070.99    | 0.00        | 0.00        |
| A    | L nsutgifter                     | 21,608.62   | 50,000.00   | 50,000.00   |
| 1115 | Matvarer                         | 9,759.44    | 20,000.00   | 20,000.00   |
| 1150 | Kursutgifter                     | 3,757.47    | 10,000.00   | 10,000.00   |
| 1160 | Reise og diettgodtgjersle        | 4,718.40    | 0.00        | 0.00        |
| 1195 | Avgifter og gebyr mm             | 74.99       | 0.00        | 0.00        |
| 1196 | Andre avg. og lisenser           | 685.60      | 0.00        | 0.00        |
| 1270 | Konsulenttenester                | 48,209.33   | 520,000.00  | 20,000.00   |
| 1429 | Mva-kompensasjon                 | 12,674.63   | 0.00        | 0.00        |
| B    | Driftsutgifter                   | 79,879.86   | 550,000.00  | 50,000.00   |
| 1700 | Ref. fr  staten                  | -500,000.00 | -500,000.00 | 0.00        |
| 1729 | Kompensert mva-drift             | -12,674.63  | 0.00        | 0.00        |
| C    | Inntekter                        | -512,674.63 | -500,000.00 | 0.00        |
| 1136 | FELLES KLIMAPLAN I VEST TELEMARK | -411,186.15 | 100,000.00  | 100,000.00  |
| 1053 | Anna l n og trekkpl.yting        | 191.44      | 0.00        | 0.00        |
| 1099 | Arbeidsgjeveravgift              | 20.30       | 0.00        | 0.00        |
| A    | L nsutgifter                     | 211.74      | 0.00        | 0.00        |
| 1100 | Kontormatriell                   | 3,428.80    | 5,000.00    | 5,000.00    |
| 1115 | Matvarer                         | 1,926.00    | 5,000.00    | 5,000.00    |
| 1130 | Frankering og gebyr              | 1,937.60    | 10,000.00   | 10,000.00   |
| 1140 | Annonser, g aver og info.        | 5,000.00    | 100,000.00  | 100,000.00  |
| 1150 | Kursutgifter                     | 0.00        | 10,000.00   | 10,000.00   |
| 1160 | Reise og diettgodtgjersle        | 1,264.20    | 5,000.00    | 5,000.00    |
| 1195 | Avgifter og gebyr mm             | 45.00       | 0.00        | 0.00        |
| 1196 | Andre avg. og lisenser           | 1,191.32    | 0.00        | 0.00        |
| 1270 | Konsulenttenester                | 7,700.00    | 65,000.00   | 65,000.00   |
| 1370 | Driftsavtaler med private        | 890.00      | 0.00        | 0.00        |
| 1429 | Mva-kompensasjon                 | 3,786.93    | 0.00        | 0.00        |
| B    | Driftsutgifter                   | 27,169.85   | 200,000.00  | 200,000.00  |
| 1729 | Kompensert mva-drift             | -3,786.93   | 0.00        | 0.00        |
| 1940 | Bruk av disp.fond                | 0.00        | -100,000.00 | -100,000.00 |
| C    | Inntekter                        | -3,786.93   | -100,000.00 | -100,000.00 |

|      |                                    |             |             |               |
|------|------------------------------------|-------------|-------------|---------------|
| 1137 | SMÅBRUKPROSJEKT                    | 23,594.66   | 100,000.00  | 100,000.00    |
| 1100 | Kontormatriell                     | 173,476.00  | 0.00        | 0.00          |
| 1131 | Telefon                            | 462.00      | 0.00        | 0.00          |
| 1200 | Kontorutstyr                       | 27,980.00   | 800,000.00  | 800,000.00    |
| 1270 | Konsulenttenester                  | 3,200.00    | 0.00        | 0.00          |
| 1370 | Driftsavtaler med private          | 192,000.00  | 0.00        | 0.00          |
| 1429 | Mva-kompensasjon                   | 51,279.50   | 0.00        | 0.00          |
| B    | Driftsutgifter                     | 448,397.50  | 800,000.00  | 800,000.00    |
| 1729 | Kompensert mva-drift               | -51,279.50  | 0.00        | 0.00          |
| 1950 | Bruk av bundne driftsfond          | 0.00        | -800,000.00 | -800,000.00   |
| C    | Inntekter                          | -51,279.50  | -800,000.00 | -800,000.00   |
| 1138 | AKTIVITETSTILBUD VELFERDSTEKNOLOGI | 397,118.00  | 0.00        | 0.00          |
| 1190 | Husleige                           |             | 25,000.00   | 0.00          |
| 1370 | Driftsavtaler med private          | 0.00        | 300,000.00  | 1,380,000.00  |
| B    | Driftsutgifter                     | 0.00        | 325,000.00  | 1,380,000.00  |
| 1700 | Ref frå staten                     | 0.00        | 0.00        | -650,000.00   |
| 1940 | Bruk av disp.fond                  | 0.00        | -325,000.00 | -730,000.00   |
| C    | Inntekter                          | 0.00        | -325,000.00 | -1,380,000.00 |
| 1139 | BEREKRAFTIG REISEMÅL 2022          | 0.00        | 0.00        | 0.00          |
| 1100 | Kontormatriell                     | 0.00        | 0.00        | 5,000.00      |
| 1115 | Matvarer                           | 0.00        | 0.00        | 25,000.00     |
| 1160 | Reise og diettgodtgjersle          | 0.00        | 0.00        | 25,000.00     |
| 1200 | Kontorutstyr                       | 0.00        | 0.00        | 20,000.00     |
| 1270 | Konsulenttenester                  | 0.00        | 0.00        | 80,000.00     |
| 1370 | Driftsavtaler med private          | 0.00        | 800,000.00  | 1,100,000.00  |
| 1470 | Til andre private                  | 550,000.00  | 0.00        | 0.00          |
| B    | Driftsutgifter                     | 687,500.00  | 800,000.00  | 1,255,000.00  |
| 1700 | Ref frå staten                     | 0.00        | 0.00        | -300,000.00   |
| 1940 | Bruk av disp.fond                  | 0.00        | -800,000.00 | -955,000.00   |
| C    | Inntekter                          | -137,500.00 | -800,000.00 | -1,255,000.00 |
| 1140 | FELLES REISELIVSSTRATEGI 2022      | 550,000.00  | 0.00        | 0.00          |
| 1270 | Konsulenttenester                  | 0.00        | 200,000.00  | 0.00          |
| B    | Driftsutgifter                     | 0.00        | 200,000.00  | 0.00          |
| 1700 | Ref frå staten                     | 0.00        | -200,000.00 | 0.00          |
| C    | Inntekter                          | 0.00        | -200,000.00 | 0.00          |
| 1141 | INN I ARBEID                       | 0.00        | 0.00        | 0.00          |

## **Sak 32/2022      Omorganisering av Vest-Telemarkrådet til interkommunalt politisk råd – utkast samarbeidsavtale**

Vest-Telemarkrådet vedtok i sak 23/2022 av 24. mai 2022 i sak om omorganisering av rådet etter ny kommunelov følgende:

***Administrasjonen legg fram eit forslag til samarbeidsavtale for eit IPR på rådsmøtet 30. august 2022***

### **Saka kort oppsummert:**

Vest-Telemarkrådet er i dag organisert som ei juridisk eining med heimel i gamal kommunelov § 27. I ny kommunelov blir ikkje § 27-samarbeid vidareført, og eksisterande samarbeid må omorganiserast i løpet av 2023.

Etter ny kommunelov og tolking frå departementet, er einaste alternativ for omorganisering å bli interkommunalt politisk råd (IPR) etter kommunelova kapittel 18. Det er fleire måtar å organisere eit IPR på, men med politiske føringar som ligg til grunn at ny organisasjon skal vera så lik som noverande modell, så er det naturleg å vidareføre rådet som eit eige rettssubjekt.

Ved oppretting av eit politisk råd må det bli inngått ei skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i rådet.

Det fyrste utkastet som ligg føre i denne saka er i tråd med kommunelova §18-4 og bygd på Vest-Telemarkrådet sine eksisterande vedtekter.

### **Drøftingspunkt:**

- 1) Det er valfritt å bruke ting eller representantskap, og råd eller styre. I dette 1. utkastet til samarbeidsavtale vert ting og råd nytta.
- 2) Samarbeidsavtala sine punkter kan bli ført opp nummerisk eller som paragrafer, dette er valfritt.
- 3) Oppnemning av utval kan ikkje bli delegert – ansvaret ligg hos representantskapet
- 4) Kommunedirektørutval er ikkje eit utval etter kommunelova, så spørsmålet er om dette utvalet ikkje skal vera ein del av samarbeidsavtala.
- 5) Tilsetting av dagleg leiar kan ikkje bli delegert – ansvaret ligg hos representantskapet

Omorganiseringa av Vest-Telemarkrådet til eit interkommunalt politisk råd skal bli lagt fram til politisk behandling i kvar kommune etter at kvart kommunestyre har konstituert seg etter kommunevalet i 2023. Vest-Telemarkrådet vil få høve til å drøfte saka om omorganisering og sjølve saksutgreiinga før saka vert sendt til behandling i kommunane.

## **Fyrste utkast til samarbeidsavtale**

### **1. Namn og geografisk omfang**

Etter kommunelova §18-1 vert det oppretta eit interkommunalt politisk råd for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Rådet sitt namn er Vest-Telemark interkommunalt politisk råd, kalt Vest-Telemarkrådet.

### **2. Formål**

Vest-Telemark interkommunalt politiske råd skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane.

Hovudfokus i arbeidet er at Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrensar skal Vest-Telemarkrådet bidra til å gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Vest-Telemarkrådet skal arbeide med å auke innbyggjartalet og skape fleire arbeidsplassar, sikre god infrastruktur i og gjennom regionen, samt medverke til tenesteutvikling og kompetanseheving i regionen

### **3. Eiget rettssubjekt**

Vest-Telemark interkommunalt politisk råd er eit sjølvstendig rettssubjekt med eget organisasjonsnummer.

### **4. Organisering**

#### **Vest-Telemarktinget**

Representantskapet, kalla Vest-Telemarktinget, er det øvste organet i det interkommunale politiske rådet.

Ordførar, varaordførar og eit anna kommunestyremedlem i dei deltakande kommunane utgjer medlemene av Vest-Telemarktinget.

Det blir oppnemnt personlege vararepresentantar for kvar representant.

Vest-Telemarktinget vel sjølv leiari/regionordførar og nestleiar/regionvaraordførar for to år av gongen etter forslag frå valnemnda.



Funksjonstid og endring i medlemmar eller varamedlemmar følgjer av kommunelova § 18-3. Valperioden for tinget fylgjer kommunevalperioden. Rådmennene/kommunedirektørane har møte- og talerett i tinget.

Vest-Telemarktinget kjem saman minst to gonger i året. Fyrste møte skal normalt haldast i april/mai og det andre i desember.

Innkallinga til Vest-Telemarktinget skal vera skriftleg og skal sendast med minst 14 dagars varsel og skal innehalde oppgåve over dei sakene som skal handsamast. Vest-Telemarktinget gjer sine vedtak i møte leia av regionordførar eller av regionvaraordførar når ordføraren har forfall. Viss ingen av desse er med i møtet, vel tinget ein møteleiar for møtet.

Vedtak i Vest-Telemarktinget blir gjort med vanleg fleirtal og er gyldig når minst 50% av medlemene/varamedlemene møter og har røysta i den aktuelle saka. Ved likt stemmetal gjer møteleiaren si røyst utslaget.

Vest-Telemarktinget sitt ansvar er:

- Godkjenning av 4 åreg strategi med handlingsprogram og budsjett.
- Godkjenning av årsmelding og rekneskap.
- Fastsetting av godtgjering og liknande.
- Handsame forslag til endringar i samarbeidsavtala.
- Val, oppnemning og ansettelser.
- Oppnevning av regionråd og andre underutval.
- Fatte vedtak i saker som høyrer inn under Vest-Telemarktinget.

### **Regionrådet**

Ordførarane i dei deltakande kommunane utgjer rådet, med varaordførarane som personlege vararepresentantar. Rådet skal stå for den daglege drifta i samarbeid med sekretariatet, og i samsvar med vedtekne arbeidsoppgåver.

Leiar og nestleiar i rådet blir vald av tinget for 2 år av gongen. Tittelen for desse tillitsvalde er regionordførar for Vest-Telemark og regionvaraordførar for Vest-Telemark og samanfallande med leiar og nestleiar i Vest-Telemarktinget.

Rådmennene/kommunedirektørane har møte- og talerett i rådet.

Kvart medlem av Vest-Telemarkrådet har vetorett med omsyn til om ei sak skal handsamast i rådet. Viss vetoretten blir nytta, skal saka trekkast frå vidare handsaming. Det skal tungtvegande grunnar til for å nytte vetoretten, og bruken skal grunngjevast i kvart tilfelle. Vedtak i saker som Vest-Telemarkrådet handsamar blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal gjer møteleiarens røyst utslaget.

### **Arbeidsutvalet**

Arbeidsutvalet består av rådets leiar, nestleiar, leiar av kommunedirektørutvalet og dagleg leiar i regionrådet.

Arbeidsutvalet førebur rådsmøta og samordnar aktivitet i og mellom dei ulike organa i regionrådet.

## **Valnemnd**

Valnemnda består av to ordførarar og leiar av kommunedirektørutvalet.

## **Sekretariatet**

Dagleg leiar er den øvste administrative leiaren for verksemda.

Sekretariatet har kontorstad i næringshagen i Kviteseid.

Dagleg leiar og andre tilsette og engasjerte skal vera tilsett i Vest-Telemark interkommunalt politisk råd.

Sekretariatet ivaretar Vest-Telemarkrådet sine administrative funksjonar og utarbeidar saksframlegg etter avklaring med arbeidsutval.

Dagleg leiar rapporterar fagleg og administrativt til regionordførar i Vest-Telemarkrådet.

## **Kommunedirektør/rådmannsutval**

Kommunedirektør/rådmannsutval utfører ved behov saksførebuing og har ansvar for følge opp bestillingar frå rådet som ikkje vert tillagt sekretariatet.

Vervet som leiar i kommunedirektør/rådmannsutvalet går på omgang med 2 års funksjonstid.

### **5. Mynde som er lagt til rådet**

Vest-Telemarkrådet har ikkje høve til å ta opp lån utan særskild godkjenning av deltakarkommunane.

Fyresdal kommune er ansvarleg for rekneskapsføringa og forvaltninga av midlane til regionrådet.

### **6. Budsjett og finansiering**

Vest-Telemarktinget vedtek etter forslag frå rådet kvart år eget budsjett.

Etter vedtak i Vestfold og Telemark fylkesting dekker Telemark Utviklingsfond ein del av kommunanes årlege utgifter til det regionale samarbeidet. Tilsvarende beløp vert dekt av dei 6 kommunane etter slik fordeling: 50 % fordelast med like beløp på dei 6 kommunane, medan resterande 50 % vert fordelt etter folketalet i den einskilde kommune.

Deltakarkommunane skal ikkje gjere innskott i Vest-Telemarkrådet i samband med at Vest-Telemarkrådet blir organisert som eit interkommunalt politisk råd etter kommunelovas kapittel 18.

Vest-Telemarktinget skal i samband med budsjetthandsaming fastsetje godtgjering til regionordførar og regionvaraordførar. Vest-Telemarktinget skal i samband med budsjetthandsaming fastsetje godtgjering til regionordførar og regionvaraordførar.

Reiseutgifter i samband med møta i Vest-Telemarktinget og rådet dekkast av den einskilde kommune.

Regionordfører saman med dagleg leiar vert tildelt prokura.

**7. Utmelding**

Ved ei eventuell utmelding skal reglane i IKS-lova bli fulgt.

[IKS lova §30 Uttreden](#)

**8. Opplysning**

Ved ei eventuell oppløysing skal reglane i IKS-lova bli fulgt

[IKS lova §32 Oppløsning](#)

*Framlegg til vedtak: Innspel frå Vest-Telemarkrådet vert innarbeid i samarbeidsavtala og korrigert samarbeidsavtale vert lagt fram på rådsmøtet 18. oktober 2022*

## Sak 33/2022      Notat til Vestfold og Telemark fylkeskommune om kompetansepilotprosjektet

### Bakgrunn

Forsøk med kompetansepilotar var eitt av tiltaka som Solberg-regjeringa varsla i si distriktsmelding. Ordninga er forvalta av Kompetanse Norge på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Vestfold og Telemark fylkeskommune søkte om tilskot frå ordninga Kompetansepilot og fekk tilsegn på 5,7 mill. i 2020. Sjå: [Nasjonal støtte til kompetansepilot Øvre Telemark](#). Vest-Telemarkrådet støtta opp under prosjektsøknaden.

Fylkeskommunen skal gjennomføre prosjektet i samarbeid med næringslivet, kommunane, kompetansetilbydarar og eventuelt andre relevante aktørar i den aktuelle delregion.

Prosjektorganiseringa i søknaden ser slik ut:

- Prosjekteigar er fylkeskommunen ved direktør for Næring, innovasjon og kompetanse
- Ei styringsgruppe med fylkeskommunale representantar
- Ei prosjektgruppe med fylkeskommunale representantar og deltakarar frå kommunar/regionråd og næringsforum
- Ei ressursgruppe med representantar frå næringsliv, næringshagar, kommunar/regionråd, lokale avdelingar, NAV, USN og fylkeskommunale verksemder i regionen
- 100 % prosjektleiarstilling

Målet med piloten er å mobilisere til kompetanseutvikling i samsvar med arbeidslivets behov i distrikta, kartlegge kompetansebehov og utvikle løysingar som skal legge betre til rette for utdanning- og kompetanseutvikling lokalt. Målgruppa er offentlege og private verksemder med særleg vekt på små bedrifter. Tenestedesignmetodikk ligg til grunn, noko som inneber at prosjektet vil legge vekt på brukarorientering, behovskartlegging, felles problemforståing, konseptutvikling og testing. I løpet av tre år skal ein utvikle og prøve ut nye måtar og modell/ar som skal testast ut for å få kunnskap om kva som verkar og ikkje verkar.

Deltakarar i ressursgruppa og næringsssjefane i Vest-Telemark har vore involvert i prosjektet i 1,5 - 2 år, og alle oppfatar av at prosjektet har stoppa ved kartlegging av kompetansebehovet i næringslivet. Ressursgruppa og næringsssjefane meiner at det er på høg tid å nytte kartlegginga som er gjort over lengre tid og starte arbeidet med *pilotering*. Dette har blitt tatt opp med styringsgruppa/prosjektleiinga ved fleire høve, men til ingen nytte. Difor ser ein seg no nøydd til å sende ei orientering om korleis prosjekt og framdrift har blitt oppfatta hittil, for på det viset å få prosjektet på rett veg att.

Til opplysning er det ikkje tatt kontakt med representantane i ressursgruppa frå dei andre deltakande kommunane (Hjartdal, Tinn og Drangedal) i denne saka.

## Prosjektet si framdrift og utvikling

Fylkeskommunen inviterte Vest-Telemarkrådet inn som ein samarbeidspartnar i september 2020. Vest-Telemarkrådet ynskte å bli involvert i planlegging og gjennomføring av prosjektet og bidra til samskaping i regionen for å nå målet med ordninga.

I løpet av hausten 2020 nedsette fylkeskommunen ei ressursgruppe (som nemnd ovanfor) med representantar frå Vest-Telemark Næringsforum, USN, NHO, NAV, Tinn kommune, Hjartdal kommune, Drangedal kommune og Vest-Telemarkrådet.

På nyåret inviterte ny prosjektleiar (blei eit skifte ved årsskiftet 2020/2021) inn til Teams-møte for oppstart. Deltakarane var alle veldig positive og engasjerte og med stor vilje til å bidra i dette viktige arbeidet med å utvikle kompetansemodell/ar for verksemder i Øvre Telemark. På oppstartsmøtet kom ressursgruppa med mange innspel på m.a. arbeidsmetodikk, kompetansebehov og bruk av løyvde midlar. Ressursgruppa lita på at fylkeskommunen ville både lytte til den fylkeskommunale oppnemnde ressursgruppa og halde god framdrift i prosjektet.

Prosjektleiinga i fylkeskommunen starta prosjektarbeidet med kompetansekartlegging, heilt i tråd med fase 1 i prosjektet. Prosjektleiinga hadde møte både på Teams og fysisk med dei enkelte medlemmar av ressursgruppa utover våren 2021. I tillegg har dei hatt fysiske møte med den enkelte næringssjef i Vest-Telemark/delregionen i løpet av september 2021.

Kompetansebehovet i kommunane har også vore drøfta i rådmannsutvalet, og innspela har blitt vidareformidla til fylkeskommunen. Basert på desse samtalene utarbeidde fylkeskommunen ei oppsummering av dialogmøta. Oppsummeringa vart sendt ut 3. februar 2022 som vedlegg til innkalling med sakliste til møte med ressursgruppa 9. februar 2022. Presentasjon av denne oppsummeringa sto ikkje på saklista - og vart heller ikkje gjennomgått eller drøfta.

Vest-Telemark opplever framdrift og møtepunkt mellom styringsgruppa/prosjektleiing og ressursgruppe som fråverande, sjølv om ein i Vest-Telemark har tatt kontakt med prosjektleiinga per telefon og etterspurt framdrift og møtepunkt. Etter september 2021 og fram mot jul skjer det ingenting, og alle inngåtte møte og avtaler vert avlyst.

På nyåret 2022 fekk ressursgruppa melding om at det er oppnemnd ny prosjektleiar. Alle fatta nytt mot og engasjement. Men prosjektleiinga ville kartlegge ytterlegare trass i protestar frå ressursgruppa. Det er heller ikkje lenger dei same representantane som blir kalla inn til møte, så ein blir noko usikker på kva for kommunar som framleis er med eller ikkje.

Fylkeskommunen har og stilt med ulike personar på møta. Det er stor forståing for at det kan bli endringar i ei leiargruppe, men det er då forventa at nye personar tar prosjektet vidare og ikkje tilbake til start slik ein har opplevd her.

I prosjektmøtet 9. februar 2022 la styringsgruppa/prosjektgruppa vekt på kva for tilbod på kompetanseutvikling fylkeskommunen har og vidareformidlar i dag. Ressursgruppa meinte at det var vel og bra, men at det ikkje har stor relevans til kompetanseprosjektet si målsetting og forventa resultatoppnåing. For å kome vidare i prosjektet rådde representantane frå Vest-Telemark til at fylkeskommunen henta tilbod frå aktuelle tenesteleverandørar på ei piloteringsleveranse (forslag til forretningsmodell). Det mest tenlege var no å kjøpe

kompetanse utanfrå for å sikre god framdrift i prosjektet. I møtet uttrykte fylkeskommunen at dette var ein god idé.

Likevel vel prosjektleiinga å utlyse eit anbod på leveranse av vidare behovskartlegging med oppstart etter påske og frist for rapport 1. juli. Fylkeskommunen lyste ut etter noko anna enn det representantane frå Vest-Telemark etterlyste, og fylkeskommunen sette avgrensingar i kva bransjar som skal bli omfatta *utan* å drøfte dette med ressursgruppa. Av dei fire tilbydarane som fekk tilsendt anbodet, var det ingen som la inn tilbod. I etterkant utvida fylkeskommunen ramma og tidsfristen og gjekk i direkte dialog med Telemarksforskning som tok oppdraget.

Møtet 9. februar 2022 var lagt til Straand Hotel i Vrådal, påfølgjande møte var 1. juni på Teams der ressursgruppa fekk ein grundig gjennomgang av prosjekteigar om prosjektet si målsetting og innhald. Det vert opplevd som tilbake til start. Neste møte er sett til 6. september 2022 på Straand Hotel. Agenda for dagen er:

*Telemarksforskning legger frem rapporten de har utarbeidet etter kompetansekartleggingen.*

- Workshop om foreslåtte tiltak med mål om å etablere en modell/system som sikrer at bedriftenes interne behov for kompetanseutvikling blir fanget opp, møtt og løst på en funksjonell måte.

### **Kort oppsummert**

Representantane frå Vest-Telemark i ressursgruppa og næringskollegiet i Vest-Telemark uttrykker no bekymring for at kompetansepilotprosjektet i Øvre Telemark blir utan nokon form for resultatoppnåing. Den fylkeskommunale prosjektleiinga er ikkje viljuge til å ta innspela frå Vest-Telemark på alvor eller til etterretning.

Basert på kartlegging gjort i løpet av 2021, fastsette prosjektleiinga at kompetanseutvikling skal avgrensast til bygg- og anleggsbransjen og reiselivsbransjen. Dette utan drøfting med ressursgruppa. Prosjektleiinga legg og inn tiltak (tidleg innsats og heimesider) som dei meiner best passar. Dei har og bestemt at det offentlege ikkje lenger skal vera ein del av prosjektet. Dette kom fram etter eit direkte møte med leiinga.

Bruk av midlar ser slik ut:

|                       |         |
|-----------------------|---------|
| Kompetansekartlegging | 250.000 |
| Nettside              | 30.000  |
| <i>Tidlig innsats</i> | 250.000 |
| Ny pilotering         | 500.000 |

Ei 3-åreg 100% fylkeskommunal prosjektleiarstilling vert finansiert av prosjektet - *ukjent kostnad*

Det er ukjent om løn til fylkeskommunale deltakarar i styringsgruppe og prosjektgruppe er finansiert av prosjektet.

Møteverksemd - *ukjent kostnad*

Som representantar for regionen og næringslivet har vi liten tillit til at eksisterande prosjektleiing vil kunne skape ønska resultat. Til det er kunnskapen om lokale tilhøve og naudsynte tiltak for liten. Vest-Telemark har eit stort og udekka behov for arbeidskraft, og pilotering for å tilgjengeleggjere ny kompetanse kan vere ein god veg å gå - dersom ein faktisk *gjer* dette.

Vi ønskjer å bidra til at det kjem noko positivt ut av prosjektet, men då må premissa endrast. Vi ber derfor om ein konkret dialog om korleis resterande prosjektmidlar kan omdisponerast og nyttast i eit lokalt forankra arbeid der vi som lokale aktørar er innstilt på å ta ei konkret rolle. Vidare dialogmøte kring generelle funn og kartlegging oppfattar vi som lite tenleg.

Kviteseid, 30. august 2022

**Anne Aasmundtveit**  
Regionrådsleiar  
Vest-Telemarkrådet

**Olav Veum**  
Dagleg leiar  
Vest-Telemark Næringsforum

**Solveig Abrahamsen**  
Dagleg leiar  
Telemark Næringshage

**Elisabeth Lid**  
Leiar  
Næringskollegiet i Vest-Telemark